



80 år
1917 - 1997
Buskerud
Bonde- og
Småbrukarlag



80 år for småbrukarsaka

(Til sekstiårsjubileet til Buskerud Bonde- og Småbrukarlag i 1977 laga ein av gamlekarane i laget og leiar i ei årrekke, Kittil Berg (1903-1983) frå Rollag i Numedal, eit grundig historisk oversyn over dei seksti åra. Det kunne ha vore ei bok, men Buskerud Bonde- og Småbrukarlag hadde ikkje råd til å gi ut bøker og prenta det difor i eit hefte i A-4-format med 30 tettkskrivne sider. Til 75-årsjubileet vart heftet trykt opp att med eit tillegg eg skreiv om perioden 1977 til 1992. Dei sidene du no har i handa, er tenkte først og fremst som eit iles i dette heftet og ein gjennomgang av åra 1992 til 1997. Men for dei som ikkje har det store jubileumsskrivet, har eg også med eit stutt samandrag av dei 75 åra før dette.

Vats i Ål 7.3.97 Olav Randen)

Eit stutt oversyn over Buskerud Bonde- og Småbrukarlag 1917-92


Året er 1917. Dei siste tiåra har Noreg endra karakter. Landet har vorte eit industriland, bygt på nyutvikla teknikk, utanlandsk kapital, norsk fossekraft og ledig arbeidskraft frå landbruk og fiske. Odda, Sauda, Rjukan, Notodden, Tyssedal og fleire industrisamfunn har vakse fram kring dei største fossefalla. Foredling av fisk og av tre har vorte storindustri. Og den første verdskriga aukar lønsemda for dei med pengar.

Framleis er jordbruket hovudnæringa. Nesten halvparten av innbyggjarane arbeider der. Men husmannsvesenet er på veg bort, 27 000 ved hundreårsskiftet og 8 000 i 1920. Mange har drege til Amerika og andre til industrien. Gardar flest driv allsidig, med mjolk og kjøt og grønsaker og kornproduksjon. Meieri har komme i dei fleste bygder, som samvirketiltak bondene imellom. Og jordbruket blir stadig meir pengeøkonomi og produksjon for sal. Dei større bondene kan bytte ut dreng og taus med maskinar, slåmaskin, hesterive, høyvendar, treskjeverk osv.

Det finst småbrukarar og storbonder og mange derimellom. Dei store og dei mellomstore har sin organisasjon, Norsk

Landmandsforbund skipa i 1896 som forlaupar til Norges Bondelag.

For dei små i landbruket er røyndomen annleis.



Statistikarane, for slike fanst den tid òg, deler inn på enkelt vis. Den som har hest, er gardbrukar. Den som ikkje har hest, er småbrukar.

Jobbe- og oppgangstida er ikkje for dei små. Det er derimot tungdrivne bruk og trekfull hus, vassbering til hus og fjøs, gjeld, renter, avdrag, usikkert tilleggsarbeid - og hets frå dei store. I eit innlegg i Landmandsposten i september 1915 heiter det: "Småbrukerne er rotløse og utekkelige. De er indflyttere på jorden og har ingen tradisjon. Og den jordbiten de har er ikke saa stor at de fester rot i den. Det er en rotlös gruppe mennesker uten samsfølelse med historien og den jordbund de lever på."

I 1913 fekk dei små og dei som kombinerte jordbruk og arbeid utanom sin organisasjon, Norsk Småbrukerforbund, organisasjonen som seinare endra namn til Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Landets lågaste fagforeningskontingent?

Også i Buskerud tek lokallag av småbrukarforbundet til å dukke opp. 17. juni 1917 møtest talsmenn - for det er menn som driv dette slaget organisasjonsarbeid - fra 11 lag på Norderhov kommunelokale og startar fylkeslag. Leiar er Nils Lieng frå Veme. Men organisasjonen får førebels ikkje noko namn. Medlemspengane blir sette til ti øre året.

La oss stogge litt ved dei ti øra. Sjølvsgått var pengeverdiane andre enn i 1997. Likevel var ti øre i medlemskontingent ein symbolisk sum. Ein liter mjølk kosta i småsal i 1917 30 øre og ein kilo saupekjøt vel 3 kroner. Difor vart også medlemspengane femdobla, til 50 øre, to år etterpå.

Dei to første åra går med til å få til ein organisasjon med moteliv, lokallag, årsmeldingar og kontingentinnbetalingar. Ein ekstra påskuv er møtet i landslaget i Hønefoss i 1918, der Arne Garborg er foredragshaldar og vart utnemnd til æresmedlem. 67-åringen frå Jæren tordnar mot pengemakta: "Over alt er, var og blir det storherrer og spekulanter som tar jorden fra bonden. Hvor pengene får magt blir bonden træl. Det gjelder også her i Norge."

To år etter stiftinga, på årsmøtet 13. juli 1919, fr organisasjonen namn, Buskerud Bonde- og Småbrukarlag. Dette namnet er altså 78 år gammalt. På møtet er vedtaka omfattande. Styret blir bede om å handle inn smågris i fellesskap, slik at medlemene kan få solide og gode avlsgrisar. Styret skal arbeide for å skaffe stipend til ein person for å studere husdyrhald i Danmark. Med eit vekeslangt kurs skal seks til åtte medlemer setjast i stand til å rettleie andre i å bygge gjødselkjellarar og landkummarar. Eit eige utval skal arbeide med sau- og geitavl i fylket og halde kåringssjå for husdyr som høvde for mindre gardbrukarar.

Småbruk mot utvandring.

Vi går åtte-ti år framover i tid. Krisetida sist i tjueåra råka småbrukarar i Buskerud hardt. Kommunane slit for å få endane til å møtast, og fleire vart sette under administrasjon. Utvandring, denne gongen til Canada,

framstår som eit alternativ for mange. Det finst jamvel døme på at kommunar løyver pengar til billettar for å redusere problema heime. "Vi husker de rosenrøde skildringer i reisebrosjyrer fra canadiske båtselskaper, om en ideel reise, og om svære prærier, grønne og fine, som står til disposisjon for de som vil ta fatt. Det blir imidlertid en uhyre skuffelse for mange.", skriv ein av småbrukarleiarane.

Buskerud Bonde- og Småbrukarlag skildrar forholda på dystert vis: "Den økonomiske stilling for småbrukerne og hele den arbeidende bondebefolkning er i disse tider så vanskelig, at en gjennemgripende forbedring av deres livsvilkår, så vel som en foreløpig, øieblikkelig virkende hjelp, er uomgjengelig nødvendig, dersom ikke tusener av hjem på landsbygdene skal ruineres og hele det arbeidende bondesamfund synke ned i håpløs armod."

Dei stiler krav om gjeldsnedskriving. "Der må straks gis ordre til statens embeds- og ombudsmann om at de inntil videre ikke medvirker til å inndrive forfaldne renter og avdrag av offentlige og private lån hos vanskelige stillede bønder, småbrukere og arbeidere, som tross arbeidsomhet og sparsomhet, på grunn av de vanskelige tider, sykdom ulykkestilfeller eller tvungen arbeidsledighet ikke er i stand til å klare disse forpliktelser", heiter det i eit opprop til Stortinget i 1927.

Men meir varige ordningar må også til. Landbruket må byggje på tankane til småbrukarrørsla. Regjeringa vil ha fylkesagronomar, rådgivarar busette i Drammen eller Hønefoss og med heile fylket som arbeidsområde. Dette vil bli ei kostbar ordning med folk som er fjernt frå småbrukarars eigne problem, meiner fylkeslaget. I staden trengst kommuneagronomar og småbrukslærarar som kan arbeide lokalt og formidle impulsar frå den eine småbrukaren til den andre. Det blir billigare og fungerer betre.

Internasjonal solidaritet

Dei var ikkje berre opptekne av utdanning av bønder og gjeldsbør og krøtterutstillingar, men også av forholda utanfor landegrensene. Då den første internasjonale negerkongressen fann stad i USA, sende Buskerud Bonde- og Småbrukarlag dei si helsing og gratulasjon. "Negerfolket i USA danner den største minoritetsgruppe, og er samtidig en av nasjonens mest betydningsfulle industrielle faktorer. De står ikkje bare foran de alvorligste økonomiske problemer, men er også utsatt for utallige overgrep som skyldes racehensyn. (...) Vi takker for Deres hilsen, og det skal være oss en glede til enhver tid å utveksle meddelelser med Dem, samt å sende Dem fra tid til annen vårt organ "Negro Champion", skreiv negerformannen tilbake.

Til kamp mot renteutsuginga

Gjeldsbøra vart tyngre og tyngre for mange sist i tjueåra. Krona vart mindre verdt, og mjølkekrisen, tjueåras kamp om retten til å produsere og selje mjølk, spelte produsentar ut mot kvarandre og ført til så lage mjølkekrisar at dei knapt nok fekk dekt

produksjonskostnadene. I denne situasjonen må småbrukarar og arbeidarar stå saman, meinte småbrukarlaget. "Man samles, arbeidere og bønder til direkte aksjon for forsvar for eget hjem, i debitorlagene. Man samles, kommunister, socialdemokrater, småbrukere, bønder i kommunestyrerne til kamp mot renteutsugningen," skreiv såleis "Moingen". Moingen var landets første debitororgan, altså blad for dei med gjeld.

Og slik gjekk det. 27. februar 1927 samlast 80 småbrukarar og industriarbeidarar på Modum og danna Modum Arbeider- og Bondevernforening. Dei skulle

1. arbeide for ei generell gjeldsnedskriving,
2. arbeide for fullstendig boikott av alle tvangsausksjonar, og
3. ta initiativ til rentestreikar til gjeldsnedskriving er gjennomført.

Modum Arbeider- og Bondevernforening vart forlauparen til Bygdefolkets Krisehjelp, skipa to år etterpå som ein landsomfattande organisasjon. I åra 1931-33 mobiliserte krisehjelpta folk, ofte i hundretal og stundom i tusental, for å hindre at tvangsausksjonar vart gjennomførte og folk pressa frå gard og grunn.

Ei gigantisk sentralisering

Vi gjer neste stopp i 1954. Buskerud Bonde- og Småbrukarlag har fått sine eigne kvinnegrupper, dei heldt første årsmøtet i 1951 og dreiv til i 1987. Då vart dei opplyste som sjølvstendig organisasjon og gjekk saman med fylkeslaget. Buskerud Bonde- og Småbrukarlag har også gjennomført ei storinvestering. For å drive opplysningsverksemda meir effektivt har dei brukt heile 4 300 kroner til eit filmapparat.

Men det var ikkje berre morosamt å vere blant dei små i bygdene. Frå årsmøtet i 1954 heiter det: "Ingen ting er stort nok. Folkeflyttingen fra bygdene til storbyene er en realitet. Tusenvis av mennesker blir pendlere, for dag, uke og måneder. Det blir ingen menneskelig tilværelse for disse. På disse sentrale steder har de ikke hus å by skikkelige folk. De sosiale forhold forverres. Det er enten å bo i elendige hybler til høye husleier, eller en brakketilværelse år etter år, langt borte fra familien.

Samtidig legges det opp til en nedvurdering av norsk landbruk. Det er langt billigere å føre inn jordbruksvarer fra utlandet. Angrepene kommer også fra hold, der man kunne vente noe annet - en uforstand kommer til syne som er nærmest avskreckende. Utkantstrøkene og de lange fjelldalene rammes verst. Hele bygdelag er i faresonen, og de som selv mener de er store bønder, blir småbrukere alle sammen. Det er den arbeidende bondebefolking som dette gjelder".

Etter dette hoppar vi over tre gongers EU-kamp, kampen for landbruksskolane i fylket, spørsmålet om den som driv jorda skal eige ho og alle jordbruksoppkjera og gjer berre ein stopp. I årsmeldinga for Buskerud Bonde- og Småbrukarlag i 1995-96, no ein organisasjon med 540 medlemer og 19 lokallag, skriv fylkesleiar Torgny Moen: "Enkelte hevder at vi svartmaler livet i bygdene og heller burde samarbeide aktivt med landbruksmyndighetene. Bonde- og småbrukarlaget samarbeider i aller høyeste grad aktivt med myndighetene. Men ikke for å legge ned gårdsbruk eller bygge ned jord som politikere har bestemt. Når man skal samarbeide, må man mene samarbeid, og ikke overkjøring."

Buskerud Bonde- og Småbrukarlag i femårsbolken 1992-97

Årsmøte 14. og 15.mars 1992

vart halde på Brøsterud pensjonat i Uvdal, med Nore og Uvdal Bonde- og Småbrukarlag som vertslag. Kven bestemmer, mennesket eller teknikken? var spørsmålet Steinar Lem frå Framtiden i våre hender skulle svare på. Vi er den generasjonen som avgjer om jorda skal bestå, sa han og tok for seg drivhuseffekten, raseringa av regnskogen, uthyrding av dyre- og planteartar, jorderosjon og matproduksjon. Rikdom er ikkje pengar, men natur, sa den andre innleiaren, Anne Grete Brustad frå landslaget og snakka om korleis landbruket kan drivast på lag med naturen.

Kryllingen Einar Grimelid vart attvald som leiar. Toril Olsen Frågått frå Flesberg og Liv Johannessen frå Sigdal vart valde inn i styret. Frå før sat Solveig Bakkan frå Åsa på Ringerike og Levor Vestheim frå Nes.

Frå årsmøtet vart Dag Fossen frå Skollenborg tilsett som organisasjonssekretær på deltid. Den nye

organisasjonssekretären hadde stutt tid før det gått over frå Norges Bondelag. "Det er Småbrukarlaget som de siste åra har stått for nytenking innenfor landbruket i Norge, sa han til Lågendalsposten, som oppsummerte Fossens landbrukspolitiske syn slik:


"Han savner den samme pågåenhet og prinsippfasthet i Bondelaget. Før han ga opp kjempet Dag Fossen for en kursending i Norges Bondelag. Han ønsket at organisasjonen skulle si klart fra hva de egentlig står for, istedenfor å komme med ullne uttalelser. Manglende fasthet mener Fossen kommer av at Bondelaget er redd for å miste noen medlemmer. Etter hans mening burde Bondelaget tatt sjansen på å miste noen hvis de bare kunne presentere en konkret politikk."

På landsmøtet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag på Hamar 1992 fekk fylkesleiar Einar Grimelid overrakt ein sjekk til laget på 15000 kroner for siger i landslagets vervekonkurranse. Laget hadde verva 71 nye

medlemmer. "Dette må følges opp gjennom nye krafttak i sommer og høst", les vi i første møtereferatet etterpå. Det kom også i gang nytt lag i Sigdal og førebuing av lag i Gol/Hemsedal tok til.

Ikkje ei krone til kvoteoppkjøp

Næringslivets Hovedorganisasjon NHO arbeider aktivt for å få Noreg inn i EU. Attåt står organisasjonen for ei elitetenking som landbruket bør ta avstand frå. Difor bør Felleskjøpet og dei andre landbruksorganisasjonane ut av NHO, sa Einar Grimelid.



Einar Grimelid, frå Krødsherad, styreleiar 1991-1994

I eit brev til mjølkeprodusentane i fylket gjekk fylkeslaget krasst mot ei ordning med oppkjøp av mjølkekvarer. Dei attverande bøndene må betale for at naboar skal slutte. Dei vil heller ikkje få nokon vinst av oppkjøpet. Alternativet til bonde- og småbrukarlaget er lågare yting pr ku, mindre kraftfør og meir grovfør og meir areal i drift. Med ei slik løysing vil sysselsetjinga i landbruket auke og næringa vere betre sikra i framtida, skreiv dei.

I ei grundig fråsegn framfor jordbruksforhandlingane sa laget at overføringane må brukast for å bremse eller helst stoppe bruksnedlegginga. Dei ville innføre eit driftsvansketillegg for små og tungdrivne bruk, og dei ville bygge ut velferdsordningane. Dei foreslo også ein annan måte å regulere mjølkeproduksjonen på, med at til dømes 75 % av kvoten til den enkelte produsenten vart betald med full pris og dei siste 25 prosentane med halv grunnpriis. Ei slik ordning ville gi bonden eit brukande økonomisk resultat utan å verke produksjonsdrivande.

9.2.1993 handsama Stortinget stortingsproposisjon 8 om landbruk i utvikling. Buskerud Bonde- og Småbrukarlag sette opp buss til Stortinget med 25 deltagarar. I eit brev laget overrekte stortingsrepresentantar frå Buskerud, heiter det at matvaretryggleiken må vere overordna mål, at produksjonen må skje slik at grunnlaget for framtidige generasjonar ikkje blir forringa, og at ei målsetjing må

vere minst 2,5 mål dyrka jord pr innbyggjar innan årtusenskiftet.

Årsmøtet 13. og 14. mars 1993 på Lampeland.

Styremedlem i Norsk Bonde- og Småbrukarlag Kurt Helge Bakken innleide til debatt om bygdeutvikling. Fylkesleiar Einar Grimelid la fram årsmeldinga. "Noe utydelig skrift, men oppfatningen var at den gav et godt bilde av BBS sin aktivitet", heiter det i referatet. Og møtet godkjende samråystes meldinga trass i at skrifta var utydeleg. Grimelid vart attvald som leiar. Solveig Bakkan gjekk ut or fylkesstyret etter ti års arbeid der. Gerd A. Sætra frå Sokna og Torgny Moen frå Skotselv vart valde inn, den siste som nestleiar.


I ei fråsegn sa laget at landbrukssamvirket anten må bruke medlemskapet i Næringslivets Hovedorganisasjon til å få dei på ein annan EU-kurs eller, om det ikkje nyttar, må melde seg ut. Ei anna fråsegn sa at beiting i utmark er viktig for kulturlandskapet. Ei tredje fråsegn oppmoda forbrukarane om å kjøpe norsk mat.

Eige hovudutval for graut?

15.10.1993, dagen før Verdas matvaredag, arrangerte laget i samarbeid med Drammen Meieri ein graut- og mjølkedag i kantina på fylkeshuset i Drammen. Bodil Nordjore stod for kokkinga av "Heilkorn Olympiagraut", som ho og Arne Brimi har utvikla. - Grauten har fødd opp fleire enn han har slått i hel, sa fylkesmann Leif Haraldseth, men han kunne ikkje love fylkesleiar Einar Grimelid at kantina etterpå skulle servere graut ein gong i veka og heller ikkje at det skulle opprettast eit eige hovudutval for grauteting og mjølkedrikking. Hans alternativ var at ansvaret for grauten blir fordelt mellom alle hovudutvala i fylket.

Småbrukarlaget engasjerte seg i ei rekke saker. I Krødsherad heldt dei kurs i lagging og protesterte mot golfbane. I Ål var dei aktive i kampen mot meierinedlegging. Ein varm augustdag samlast 1500 vaksne og hundretals ungar seg på plassen framfor meieriet til folkemøte. "Slå ring om meieriet" var slagordet som pryda meieribygningen. Og meieriet vart berga og utbygt - iallfall i første omgang. Like bra gjekk det ikkje med meieria i Ringerike og Kongsberg. Østlandsmeieriet vedtok å oversjå det lokale engasjementet for meierivern og la ned desse verksemndene. På ein stølvoll på Haglebu i Eggedal samla fylkeslaget politikarar for å drøfte framtida for bygdene. - Matvaretryggleik, husdyrhald over heile landet, bruk av fornybare ressursar og fleire arbeidsplassar i landbruket, var bodskapen Einar Grimelid serverte politikarane.

Dag Fossen sa opp som fylkessekretær i 1993 på grunn av andre arbeidsoppgåver, og Carl-Fredrik Hansen frå Tyrstrand tok over frå årsskiftet 93-94. I ein periode hadde han permisjon for å vere fylkessekretær for Buskerud Nei til EU, og Einar Grimelid vikarierte. Frå 1. april 1995 vart stillinga utvida frå 1/5 til 2/5.




Carl-Fredrik Hansen, sekretær fra 1994

Årsmøte på Kongshaugen hotell i Hol 12. og 13. mars 1994.

- Trass i dystre signal frå EØS, GATT og EU og trass i bondehetens frå regjering og NHO må vi halde fast ved at landbruket er ei næring som har framtida for seg, for så lenge det finst menneske på kloten, er det behov for mat. No er kampen mot unionen det viktigaste, og i denne kampen trenst ein allianse med fiskarar, fagrørsla, miljøorganisasjonar og mange andre. Slik argumenterte avgåande fylkesleiar Einar Grimelid.

Ole Morten Furua Rødby frå fylkeslandbruksstyret snakka om kven som skal eige jord og skog, og debatten om framlegget til ny jordlov var omfattande. Styremedlem Jan Hetland innleidde om Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Leif Tajet frå Nakkerud heldt lysbiletforedrag om landbruk i ulike delar av verda, med glimt frå USA, Fiji-øyane, New Zealand, India og Bangla Desh, medan fylkessekretær Carl-Fredrik Hansen innleidde til debatt om EU-kampen.



Torgny Moen, Øvre Eiker, leiar frå 1994

På dette møtet overtok Torgny Moen leiarklubba frå Einar Grimelid og difor ansvaret for å leie laget i innspurten i EU-kampen. Firebarnsfaren Torgny Moen er fødd i 1954 og har drive heimegarden i Bingen i Øvre Eiker frå 1973. Då var garden på 25-30 mål, og Torgny hadde sauer og køyrd lastebil og hadde ymse anna arbeid attåt. Sist på åttiålet fekk han ein minstekvote for mjølk og har etterpå drive med 7 kyr og nokre grisar og småfe attåt. Etter ein del nydyrkning har bruket 48 mål jord.

Attåt Einar Grimelid gjekk Toril Olsen Frågått ut or styret. Willy Hagen frå Rødberg og Ole Jakob Jemtland frå Krøderen vart valde inn.

Årsmøtet vedtok ein omfattande arbeidsplan, der kampen mot norsk EU-medlemskap var hovudsaka og bygdemobilisering for ein god jordbruksavtale 1994, organisasjonsutvikling og arbeid med alternative driftsformer i landbruket hadde prioritert under EU-kampen.

EU-kampen

“Grunnlovens § 1, første setning, lyder slik: *“Kongeriget Norge er et frit, selvstendigt, uudelelig og uavhengig Rige.”* Må denne setningen endres til: *“Kongeriget Norge er en delstat i den Europeiske Union.”?* Slik spurde Buskerud Bonde- og Småbrukarlag i ei brosjyre der hovudsaka var sjølvråderetten.


Etter 15 års pause starta EF-arbeidet i Buskerud Bonde- og Småbrukarlag på nytt i 1989 med møte med leiar i Opplysningsutvalget om EF Kristen Nygaard. I april 1990 samla fylkesleiarane i bondelaget og bonde- og småbrukarlaget ein del folk til møte i Hønefoss, og Opplysningsutvalet om EF i Buskerud vart skipa. Seinare endra organisasjonen namn til Buskerud Nei til EF og etter at fellesskapet endra namn og formål til union Buskerud Nei til EU.

I åra fram til folkerøystinga 28. november 1994 var EU-kampen ei hovudsak for Buskerud Bonde- og Småbrukarlag, både fordi laget stadig arbeidde med EU-spørsmålet og fordi stordelen av medlemene var aktive i arbeidet i lokallaga av Nei til EU. Fleire medlemer deltok også i studie- og representasjonsturar utanlands. Hausten 1993 drog såleis dåverande fylkesleiar Einar Grimelid og nestleiar Torgny Moen til Brussel for å lære meir om EU, og i oktober 1994 drog tre numedøler med buss til Mora i Sverige for å vise styrken i norsk EU-motstand.

Blant dei mange arrangementa dreg vi fram eitt, hestestafetten 28.10 til 10.11. 1994 frå Geilo til Eidsvolds plass framfor Stortinget. Ideen kom frå leiar i Ål Bonde- og Småbrukarlag Nils Håkon Tveito.

Stafetten starta frå Geilo 28. oktober med grønmåla, firehjuls hestekjerre med flagg og Norsk Bonde- og Småbrukarlags banner på, med EU-materiell og batteridrive forsterkaranlegg om bord og med ei dreia bodstikke med eit skinnbrev som den viktigaste lasta innanfor kjerrekarmane.

Hestestafetten frå svæt i Hallingdal, gjennom heile Buskerud og Akershus og til Stortinget drog forbi den Stafetten vil overlevere denne bodskapen til Det norske Stortinget.



Til Stortinget

Bygdefolk i Buskerud og Akershus ser med stor uro på planane om norsk EU-medlemskap. Landbrukspolitikken i EU fører til at småbruk og familiebruk i milliontal blir nedlagde i dei 12 landa. Den norske regjeringa har gjennom forhandlingar godteke det meste i denne politikken.

Teikning: Nils Håkon Tveito, leiar i Ål bonde- og småbrukarlag

Stafetten gjekk gjennom heile Buskerud via Hønefoss og Drammen til fylkesgrensa mot Akershus, der Akershus Bonde- og Småbrukarlag tok over. Der bonde- og småbrukarlaget ikkje hadde lokallag, hjelpte lokallaga av Nei til EU til både med hestar og folk. Torsdag 10. november klokka 12 svinga ekvipasjen med banner og plakatar opp framfor Stortinget, der leiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag Aina Edelmann heldt appell og overrekte skinnbrevet til visepresident i Stortinget Edvard Grimstad.

Bodskapen frå bonde- og småbrukarlaga i Buskerud og Akershus, sirleg nedskrivne på skinnbrev, lydde slik: "Bygdefolk ser med stor uro på planane om norsk EU-medlemskap. Landbrukspolitikken i EU fører til at småbruk og familiebruk i milliontal blir nedlagde i dei 12 landa. Den norske regjeringa har gjennom forhandlingar godteke det meste i denne politikken. Med 360 millionar innbyggjarar og med ein politisk elite som ikkje kan stillast til ansvar, blir makta flytt frå folket og dei folkevalde og til Brussel. I staden ønskjer vi ein politikk for ei bygdenorsk framtid. Til det treng vi sjølvråderett."

Buskerud var viktig også for ja-sida, og den kalde og skyfri laurdagen før folkerøystinga avslutta statsminister Gro Harlem Brundtland, partileiar Thorbjørn Jagland og stortingspresident Kirsti Kolle Grøndahl ja-kampanjen på Bragernes torg i Drammen. Skal vi lytte til neigeneral Kristen Nygaard, "han som står med knyttet neve mot samarbeid i Europa." spurte statsministeren

ifølgje Aftenposten 27. november. Sjølv svara ho slik, framleis ifølgje Aftenposten:

"- Hvis du tar ditt råd fra nei-troppene, kan det bli kostbart for landet for deg og dine barn. Hvis du følger frykten, hvis du lytter til pessimismen, og til Folkvord, Jakobsen, Lahnstein eller Solheim, da setter du landet ditt i en vanskelig situasjon, utenfor og alene. Og glem ikke dette: Det er ikke de som må ta ansvaret på tirsdag, hvis det skulle bli nei".

Veret slo om i helga til snøstorm i det meste av landet, men folk gjekk kvinne og mann av huse i uveret og røysta, 52, 2 % nei og 47,8 % ja.

	Nei-prosent	Frammøte	Nei-% 1972
Nore og Uvdal	74,8	88,3	67
Ål	70,7	90	69,4
Hemsedal	67,6	89,5	73
Rollag og Veggli	66,5	91	71,7
Sigdal og Eggedal	54,4	88,7	56,5
Gol	64,4	88,7	64,4
Flesberg	63,8	91	64,3
Nes og Flå	56	89,4	52,3
Hol	53,3	88,8	59,1
Modum	50,5	86,1	48,5
Øvre Eiker	48,4	87,2	50,7
Hole	48,1	89,1	51,6
Krødsherad	47,3	87,6	41,4
Ringerike	46,6	85,7	51,5
Hurum	39,9	88,5	41,4
Nedre Eiker	39,8	88	52,7
Kongsberg	39,6	89,8	44,9
Lier	37,5	90,1	42,9
Røyken	36,5	89,8	47,9
Drammen	31	88,4	32,4
Buskerud fylke	42,8	88,3	46,1

Mönsteret i Buskerud som i mange fylke var at motstanden hadde styrkt seg i distrikta i høve til i 1972 og vorte veikare i sentrale strok.

Buskerud Bonde- og Småbrukarlag kunne puste letta ut, for det om dei hadde vore med på å føre landet inn i "en vanskelig situasjon, utenfor og alene" - om vi skal ta statsministeren sine ord på alvor, og konsentrere seg om andre oppgåver att.

"- Bonde- og Småbrukarlaget var en spydspiss i EU-kampen og hadde større tillit og troverdighet i opinionen enn Bondelaget." Slik oppsummerte fylkesleiar Torgny Moen situasjonen på årsmøtet i 1995. Eigne ord for å setje arbeidet i eit godt lys? Nei då, fylkesleia refererte med denne utsegna nestleiar i Norges Bondelag Gunnar Dalen på landsmøtet til NBS i 1994. - Neit til EU var ikkje berre eit nei til ein politisk union, det var også eit nei til fleskefabrikkar, mjølcefabrikkar, fjørcefabrikkar og anna stordrift, og det var eit ja til eit småskalalandbruk på lag med naturen, skreiv Moen vidare, kanskje noko meir usikker på om han kunne bruke Bondelaget som sanningsvitne.

Årsmøtet 1995 på Hokksund Hotell i Øvre Eiker

Styremedlem i NBS Jan Morten Høglo innleidde om jordbruket mot årtusenskiftet. Det blir ikkje lett å vere bonde i åra frametter, klemde som vi er mellom GATT og EU, sa han. Men med engasjement og samarbeid er næringa liv laga. Tidlegare fylkesleiar Einar Grimmelid innleidde om fylkeslaget mot årtusenskiftet. Vi må ikkje sjå på landbruket isolert, men i samspel med anna næringsliv og samfunnsliv, og då ser vi at tankane til bonde- og småbrukarlaget har gjennomslagskraft, sa han. Når staten vil splitte bønder frå andre, må vi svare med å byggje alliansar og informere om vår politikk.

Ei fråsegn frå møtet meinte planane om kvalitetsstyring i primærproduksjon er for omfattande, slik at resultatet blir detaljstyring og kanskje kontraktproduksjon. Ei anna gjekk mot tilplanting av dyrka mark med skog og ei tredje sa at gjerde- og beitelova må gjelde fullt ut i alle kommunar. Årsmøtet protesterte mot planane frå styrefleirtalet i BU-fondet om at berre dei med høgt produksjonsomfang skal få fondsstønad og sa at bygdeutviklingsmidlar må givast også til dei små i næringa.

Torgny Moen vart attvald som leiar. Ole Jakob Jemtland og Levor Vestheim gjekk ut or styret. I staden vart Odd Grøstad frå Lier og Ole Haug frå Nes valde inn. Styret konstituerte seg med Gerd A. Sætra som nestleiar og Willy Hagen som studieleiar.

Seier medlemene ja eller nei til framlegg til ny jordbruksavtale, undrast styret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag og bad medlemene avgjere. 298 medlemer i Buskerud, 55 % av medlemene, sa si meining. Av desse sa 205 nei og 86 ja, slik at nei-prosenten vart over 70. På landsplan vart det også nei-fleirtal, med 53,4 %.

To- og firsøtte rovdyr

Talet på rovdyrskadar på sau voks også i Buskerud, særleg i midtfylket, og fylkesstyret sette ned sitt eige rovdyrutval med Erik Haare frå Modum, Kjell

Gullingsrud frå Nes og Willy Hagen frå Nore og Uvdal som medlemer. Utvalet skal vere eit rådgivningsorgan for fylkeslaget i rovdyrspørsmål.

Landbruksdepartementet ville gjere mjølkekvotar til handelsvare og fekk langt på veg med seg bondelaget. Buskerud Bonde- og Småbrukarlag protesterte og såg kvotehandel som ei favorisering av dei rike og store i landbruket og ei undergraving av produksjonsretten for dei små.

Tradisjonsmat for vidarekomne

Vi har tidlegare skrive om kursverksemda som gjeld tradisjonsmat. I september 1995 drog matinteresserte medlemer til grannefylket Telemark for å lære meir om mat og matlaging. Bodil Nordjore på Mjonøy Kulturområde i Vinje var lærar og vert for kurset, medan Marit Wergeland Skarra var kursleiar.

I november vart telemarkingar gjeninviterte til Smedsgården i Nes til seminar om bygdeutvikling. Blant temaet var samvirket, allmannaretten, ordninga med bygdeutviklingsstøtte og Kjerringtorget.

Initiativet til det siste, Kjerringtorget, kom frå seks kvinner i Nes kommune i 1994. Ein laurdag i august samlar dei kvinner som har landbruks-, husflids- og andre varer dei vil vise fram og selje. Dei set tre krav, varene må vere produserte av kvinner, dei må seljast av kvinner, og dei må vere miljøvenlege. På Kjerringtorget kan folk kjøpe lefser, flatbrød, egg, grilla mais, grønsaker, honning og andre matvarer, tradisjonell og nykomponert om einannan, tørka blomar og dekorasjonar, brent og kompostert hønsemokk, bunadsutstyr, selbuvotter, dreia bollar, rose måla skåler, måla bilete og mykje anna.

Framtida for Buskerud Landbrukselskap

Etter lang tids usemjø om framtida for Buskerud Landbrukselskap og etter vedtak på styremøte seinhaustes 1993 (mot roystene til Fylkesmannens Landbruksavdeling og Buskerud bonde- og Småbrukarlag) om å avvikle landbrukselskapet, endra bondelaget syn og gjekk i 1995 saman med bonde- og småbrukarlaget om å arbeide for at selskapet skal vere liv laga. I eit felles brev frå faglaga heiter det at det bør oppretthaldast i hovudsak i si eksisterande form. Det bør samarbeide med Fylkesmannens landbruksavdeling og drive vidare arbeidet med rettleiring i økonomi, husdyrhald, gjødselsplanlegging med meir. Selskapet bør også legge større vekt på direkte rådgiving, på miljospørsmål og på informasjon utover.

Når dette blir skrive, har to tremannsutval drøfta framtida for landbrukselskapet. Planar om ei omorganisering med nye vedtekter vil bli handsama av fylkeslag i landbruket våren 1997.

Årsmøtet 1996 vart halde på Brøstrud i Uvdal.

Torgny Moen snakka i leiartalen om jordbruksoppgjera. Dei siste tre åra har overføringane gått ned med tre milliardar, og mest for dei minste brukar, sa han



Aksjon for levande bygder. Thor Warberg og Nils Medgard, Ål

og la fram statistikk som viser at bruk under 100 mål får fjerededelen av overføringane medan bruk over 100 mål får tre fjerededeler. Leiari i Norsk Bonde- og Småbrukarlag Aina Edelmann og medlem i hovudutvalet for næring i Buskerud Anthony Kallevig innleidde om framtida for landbruket. Utviklinga går i feil lei, men vi må vere sta og tru på framtida. Difor oppmodar eg alle innanfor landbruket til å klore seg fast og halde saman, sa Edelmann. Inntekter og levekår bør vere dei same for bønder som for andre arbeidsfolk, sa Kallevig og oppmoda laget om å kome med innspel til fylket.

Torgny Moen vart attvald til leiari. Kjell Borge fra Gol/Hemsedal og Torill Olsen Frågått fra Flesberg vart valde inn i styret i staden for Gerd A. Sætre og Willy Hagen.

Leveringsstopp

Dagen etter det beste lønsoppgjeren på lang tid med inntektsvekst på over 4 % i offentleg sektor la staten fram eit "jordbrukstilbod" som innebar ein inntektsnedgang på nesten 2 %. Eit nytt tilbod var ikkje nemnande betre, og landbruket braut tingingane og gjennomførte ein tre dagars, landsomfattande leveringsstopp for å vise folk alvoret.

Buskerud Bonde- og Småbrukarlag sette i gang sin eigen aksjon med campingvogn med informasjonsmateriell og vitjing i ei rekke kommunar. Aksjonen starta i Ål 28. mai og vart avslutta med overrekking av eit opprop til fylkesmann Leif Haraldseth i Drammen 7. juni og til Buskerudrepresentantane på Stortinget 20. juni. 10 av ordforarane i fylket hadde gitt si støtte til oppropet.

Likevel vedtok stortingsfleirtalet med Arbeidarpartiet, Høgre og Framstegspartiet statens tilbod så å seie uendra.

Avisproduksjon og avisskriving

BBS-melding, internavis for Buskerud Bonde- og Småbrukarlag, var namnet på eit lite meldingsblad som første gong kom ut i august 1995 og vart sendt lokallagsstyra. Der fanst informasjon frå fylkesstyret og stutte nyhetsmeldingar. Avisa Buskerud Bonde og Småbruker var redigert av Olav Randen og vart sendt til alle bønder i fylket. Første nummeret kom våren 1996,

nummer to hausten -96 og nummer tre i samband med åttiårsjubileet i mars -97.

Også i aviser og kringkastinga i Buskerud gjorde fylkeslaget seg gjeldande, med rundt femti oppslag dette året. Men eitt av dei sette sinna i kok, eit oppslag i Drammens Tidende/Buskeruds Blad om at fylkesleiar Torgny Moen tente 400 000 kroner på dei sju kyrne sine. Journalisten hadde lagt saman alle inntektene og kanskje også lagt til litt for eiga rekning, men gløymt å trekke frå utgifter til kraftfør, maskinar, vedlikehald, renter med meir. Pressens Faglege Utval sa at oppslaget var svært misvisande, men mente god presseskikk likevel alt i alt ikkje var broten, då avisa tok inn korrigeringa frå Buskerud Bonde- og Småbrukarlag stutt tid etter.

Medlemstal

Det har vorte færre bønder og småbrukarar i Buskerud dei siste åra. Talet på sysselsette i jordbruket har såleis gått ned frå 3353 i 1990 til 2816 i 1995.

Gjennom aktivt vervearbeid har likevel Buskerud Bonde- og Småbrukarlag greidd å halde oppe medlemstalet. I 1992 var talet på medlemer 534, i 1993 549, i -94 543, i -95 547 og ved utgangen av 1996 541.

Småbrukarideen

Når vi skal sjå i eitt dei åtti åra Buskerud Bonde- og Småbrukarlag har vore i drift, stig nokre hovudlinjer fram. For det første er det radikalismen, protesten mot makta og ønsket om å påverke samfunnet nedanfrå. Det blir gjerne hevdat at bonde- og småbrukarlaget har hatt eit tett samarbeid med Arbeidarpartiet også når dette har vore i posisjon. Men historia let att liten tvil om at kampviljen og opposisjonen vanlegvis har vore sterkare enn samarbeidsviljen. Sympatiene låg hos dei små i samfunnet og ikkje hos regjeringa, same kva for parti regjeringa kom frå. Ordbruken har ofte vore hard mot storbønder, mot sentralisering, mot EU, mot Gatt/WTO og mot så å seie alle jordbruksoppgjer. Ein skal leite lenge i protokollane til Buskerud Bonde- og Småbrukarlag før ein finn godord om ei regjering.

Den andre hovudlinia er samarbeidet med andre arbeidsfolk, og då først og fremst med industri- og skogsarbeidarar. Ein sentral visjon for mange bonde- og småbrukarlagsfolk har vore at arbeidsfolk av ulike slag må gå i hop for å stå sterkare mot pengemakta.

Men fremst i tenkinga har likevel det vi kan kalle småbrukarideen stått. Tenkinga om at bonden og småbrukaren skal skape eit levebrød for seg og sine, ikkje med kostbar teknikk og stor produksjon, men med å få mykje ut av det han har, i samarbeid med og respekt for naturen, på ein slik måte at han har kontroll over omgivnadene og på ein slik måte at han kan levere det han har skapt, vidare til neste generasjon i betre stand enn då han overtok det.